Brønnøysundregistrene

# ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2021 - GENERELL INFORMASJON

**Enheten**

| | |
|---|---|
| Organisasjonsnummer: | 993 153 044 |
| Organisasjonsform: | Aksjeselskap |
| Foretaksnavn: | SVELGEN KRAFT HOLDING AS |
| Forretningsadresse: | c/o Sogn og Fjordane Energi AS<br>Bukta<br>6823 SANDANE |

**Regnskapsår**

| | |
|---|---|
| Årsregnskapets periode: | 01.01.2021 - 31.12.2021 |

**Konsern**

| | |
|---|---|
| Morselskap i konsern: | Ja |
| Konsernregnskap lagt ved: | Ja |

**Regnskapsregler**

| | |
|---|---|
| Regler for små foretak benyttet: | Nei |
| Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: | Regnskapslovens alminnelige regler |
| Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til konsernet: | Regnskapslovens alminnelige regler |

**Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ**

| | |
|---|---|
| Bekreftet av representant for selskapet: | Martin Holvik |
| Dato for fastsettelse av årsregnskapet: | 23.05.2022 |

**Grunnlag for avgivelse**

År 2021: Årsregnskapet er elektronisk innlevert

År 2020: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2021

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 09.07.2023

# Resultatregnskap

| Beløp i: NOK | Note | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| **RESULTATREGNSKAP** | | | |
| **Kostnader** | | | |
| Annen driftskostnad | 5 | 164 127 | 191 919 |
| **Sum kostnader** | | **164 127** | **191 919** |
| **Driftsresultat** | | **-164 127** | **-191 919** |
| **Finansinntekter og finanskostnader** | | | |
| Inntekt på investering i tilknyttet selskap | 13 | 22 558 270 | 31 249 923 |
| Renteinntekt fra foretak i samme konsern | 9 | 12 931 493 | 16 165 617 |
| Annen renteinntekt | | 799 438 | 309 085 |
| Andre finansinntekter | | 0 | 30 000 000 |
| **Sum finansinntekter** | | **36 289 201** | **77 724 625** |
| Annen rentekostnad | | 5 579 798 | 14 254 975 |
| Annen finanskostnad | | 10 086 813 | 11 251 041 |
| **Sum finanskostnader** | | **15 666 611** | **25 506 016** |
| **Netto finans** | | **20 622 590** | **52 218 609** |
| **Ordinært resultat før skattekostnad** | | **20 458 463** | **52 026 690** |
| Skattekostnad på ordinært resultat | 8 | -461 957 | -2 012 735 |
| **Ordinært resultat etter skattekostnad** | | **20 920 420** | **54 039 425** |
| **Årsresultat** | | **20 920 420** | **54 039 425** |
| **Overføringer og disponeringer** | | | |
| Overført frå overkursfond | | -300 000 000 | |
| Tilleggsutbytte | | 300 000 000 | |
| Overført til annen egenkapital | | 20 920 420 | 54 039 425 |
| **Sum overføringer og disponeringer** | 12 | **20 920 420** | **54 039 425** |

# Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| **BALANSE - EIENDELER** | | | |
| **Anleggsmidler** | | | |
| **Immaterielle eiendeler** | | | |
| **Finansielle anleggsmidler** | | | |
| Investering i datterselskap | 14 | 1 564 700 588 | 1 553 842 318 |
| Lån til foretak i samme konsern | 9 | 550 000 000 | 550 000 000 |
| **Sum finansielle anleggsmidler** | | **2 114 700 588** | **2 103 842 318** |
| **Sum anleggsmidler** | | **2 114 700 588** | **2 103 842 318** |
| **Omløpsmidler** | | | |
| **Varer** | | | |
| **Fordringer** | | | |
| Andre kortsiktige fordringer | 9 | 39 941 816 | 79 869 769 |
| **Sum fordringer** | | **39 941 816** | **79 869 769** |
| **Bankinnskudd, kontanter og lignende** | | | |
| Bankinnskudd, kontanter og lignende | 10 | 86 403 576 | 37 474 818 |
| **Sum bankinnskudd, kontanter og lignende** | | **86 403 576** | **37 474 818** |
| **Sum omløpsmidler** | | **126 345 392** | **117 344 587** |
| **SUM EIENDELER** | | **2 241 045 980** | **2 221 186 905** |
| **BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **Egenkapital** | | | |
| **Innskutt egenkapital** | | | |
| Selskapskapital | 11,12 | 179 166 300 | 179 166 300 |
| Overkurs | 11 | 1 089 131 122 | 1 389 131 122 |
| **Sum innskutt egenkapital** | | **1 268 297 422** | **1 568 297 422** |
| **Opptjent egenkapital** | | | |

# Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| Annen egenkapital | 11 | 261 702 304 | 240 781 882 |
| **Sum opptjent egenkapital** | | **261 702 304** | **240 781 882** |
| | | | |
| **Sum egenkapital** | | **1 529 999 726** | **1 809 079 304** |
| | | | |
| **Gjeld** | | | |
| **Langsiktig gjeld** | | | |
| **Annen langsiktig gjeld** | | | |
| Øvrig langsiktig gjeld | 10,16 | 698 337 000 | 398 337 000 |
| **Sum annen langsiktig gjeld** | | **698 337 000** | **398 337 000** |
| | | | |
| **Sum langsiktig gjeld** | | **698 337 000** | **398 337 000** |
| | | | |
| **Kortsiktig gjeld** | | | |
| Leverandørgjeld | 9 | 25 177 | 16 927 |
| Betalbar skatt | 7 | 2 838 042 | 1 287 265 |
| Annen kortsiktig gjeld | 9 | 9 846 036 | 12 466 410 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **12 709 255** | **13 770 602** |
| | | | |
| **Sum gjeld** | | **711 046 255** | **412 107 602** |
| | | | |
| **SUM EGENKAPITAL OG GJELD** | | **2 241 045 981** | **2 221 186 906** |

# Konsernets resultatregnskap

| Beløp i: NOK | Note | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| **RESULTATREGNSKAP** | | | |
| **Inntekter** | | | |
| Salgsinntekt | 3 | 209 137 000 | 136 527 000 |
| Annen driftsinntekt | 3 | 775 000 | 985 000 |
| **Sum inntekter** | | **209 912 000** | **137 512 000** |
| **Kostnader** | | | |
| Kjøp av overføringstenester | | 13 705 000 | 9 832 000 |
| Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler | 8 | 26 197 000 | 29 098 000 |
| Annen driftskostnad | 5 | 20 093 000 | 22 195 000 |
| Eigedomsskatt/avgifter | 6 | 19 063 000 | 17 964 000 |
| **Sum kostnader** | | **79 058 000** | **79 089 000** |
| **Driftsresultat** | | **130 854 000** | **58 423 000** |
| **Finansinntekter og finanskostnader** | | | |
| Annen finansinntekt | 9 | 987 000 | 30 726 000 |
| **Sum finansinntekter** | | **987 000** | **30 726 000** |
| Annen finanskostnad | 9 | 15 487 000 | 25 342 000 |
| **Sum finanskostnader** | | **15 487 000** | **25 342 000** |
| **Netto finans** | | **-14 500 000** | **5 384 000** |
| **Ordinært resultat før skattekostnad** | | **116 354 000** | **63 807 000** |
| Grunnrenteskatt | 7 | 69 242 000 | 2 121 000 |
| Overskotsskatt | 7 | 26 192 000 | 7 647 000 |
| **Ordinært resultat etter skattekostnad** | | **20 920 000** | **54 039 000** |
| **Årsresultat** | | **20 920 000** | **54 039 000** |
| **Overføringer og disponeringer** | | | |
| Overføring til/fra fond | | 20 920 000 | 54 039 000 |
| **Sum overføringer og disponeringer** | | **20 920 000** | **54 039 000** |

# Konsernets balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| **BALANSE - EIENDELER** | | | |
| **Anleggsmidler** | | | |
| **Immaterielle eiendeler** | | | |
| Fallrettar | 8 | 1 809 103 000 | 1 809 103 000 |
| **Sum immaterielle eiendeler** | | **1 809 103 000** | **1 809 103 000** |
| **Varige driftsmidler** | | | |
| Kraftstasjonar | 8 | 454 359 000 | 401 509 000 |
| Anlegg under utførelse | 8 | 17 654 000 | 14 911 000 |
| Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner og lignende | 8 | 2 788 000 | 3 406 000 |
| **Sum varige driftsmidler** | | **474 801 000** | **419 826 000** |
| **Sum anleggsmidler** | | **2 283 904 000** | **2 228 929 000** |
| **Omløpsmidler** | | | |
| **Varer** | | | |
| Elsertifikat | | 2 305 000 | 2 193 000 |
| **Sum varer** | | **2 305 000** | **2 193 000** |
| **Fordringer** | | | |
| Kundefordringer | 9 | 53 258 000 | 18 682 000 |
| Andre fordringer | 9 | 3 338 000 | 14 585 000 |
| **Sum fordringer** | | **56 596 000** | **33 267 000** |
| **Bankinnskudd, kontanter og lignende** | | | |
| Bankinnskudd, kontanter og lignende | 10 | 86 404 000 | 37 474 000 |
| **Sum bankinnskudd, kontanter og lignende** | | **86 404 000** | **37 474 000** |
| **Sum omløpsmidler** | | **145 305 000** | **72 934 000** |
| **SUM EIENDELER** | | **2 429 209 000** | **2 301 863 000** |

**BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD**

**Egenkapital**

# Konsernets balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| **Innskutt egenkapital** | | | |
| Selskapskapital | 11 | 179 166 000 | 179 166 000 |
| Overkurs | 11 | 1 089 131 000 | 1 389 131 000 |
| **Sum innskutt egenkapital** | | **1 268 297 000** | **1 568 297 000** |
| | | | |
| **Opptjent egenkapital** | | | |
| Fond | 11 | 261 703 000 | 240 782 000 |
| **Sum opptjent egenkapital** | | **261 703 000** | **240 782 000** |
| | | | |
| **Sum egenkapital** | | **1 530 000 000** | **1 809 079 000** |
| | | | |
| **Gjeld** | | | |
| **Langsiktig gjeld** | | | |
| Utsatt skatt | 7 | 68 843 000 | 46 161 000 |
| **Sum avsetninger for forpliktelser** | | **68 843 000** | **46 161 000** |
| **Annen langsiktig gjeld** | | | |
| Øvrig langsiktig gjeld | 14 | 698 337 000 | 398 337 000 |
| **Sum annen langsiktig gjeld** | | **698 337 000** | **398 337 000** |
| | | | |
| **Sum langsiktig gjeld** | | **767 180 000** | **444 498 000** |
| | | | |
| **Kortsiktig gjeld** | | | |
| Leverandørgjeld | 9 | 12 641 000 | 13 787 000 |
| Betalbar skatt | 7 | 72 765 000 | 16 951 000 |
| Skyldige offentlige avgifter | | 17 068 000 | 847 000 |
| Annen kortsiktig gjeld | 9 | 29 556 000 | 16 700 000 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **132 030 000** | **48 285 000** |
| | | | |
| **Sum gjeld** | | **899 210 000** | **492 783 000** |
| | | | |
| **SUM EGENKAPITAL OG GJELD** | | **2 429 210 000** | **2 301 862 000** |

Brønnøysundregistrene

# ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2021 - GENERELL INFORMASJON

| | |
|---|---|
| Journalnummer: | 2022 526264 |

## Enheten

| | |
|---|---|
| Organisasjonsnummer: | 993 153 044 |
| Organisasjonsform: | Aksjeselskap |
| Foretaksnavn: | SVELGEN KRAFT HOLDING AS |
| Forretningsadresse: | c/o Sogn og Fjordane Energi AS<br>Bukta<br>6823 SANDANE |

## Regnskapsår

| | |
|---|---|
| Årsregnskapets periode: | 01.01.2021 - 31.12.2021 |

## Konsern

| | |
|---|---|
| Morselskap i konsern: | Ja |
| Konsernregnskap lagt ved: | Ja |

## Regnskapsregler

| | |
|---|---|
| Regler for små foretak benyttet: | Nei |
| Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: | Regnskapslovens alminnelige regler |
| Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til konsernet: | Regnskapslovens alminnelige regler |

## Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

| | |
|---|---|
| Bekreftet av representant for selskapet: | Martin Holvik |
| Dato for fastsettelse av årsregnskapet: | 23.05.2022 |

## Grunnlag for avgivelse

År 2021: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2020: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2021.

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 28.06.2022

**Brønnøysundregistrene**
Postadresse: Postboks 900, 8910 Brønnøysund
Telefon: 75 00 75 00
E-post: firmapost@brreg.no Internett: www.brreg.no
Organisasjonsnummer: 974 760 673

**Organisasjonsnr: 993 153 044**
**SVELGEN KRAFT HOLDING AS**

## RESULTATREGNSKAP

| Beløp i: NOK | Note | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| **RESULTATREGNSKAP** | | | |
| **Kostnader** | | | |
| Annen driftskostnad | 5 | 164 127 | 191 919 |
| **Sum kostnader** | | **164 127** | **191 919** |
| **Driftsresultat** | | **-164 127** | **-191 919** |
| **Finansinntekter og finanskostnader** | | | |
| Inntekt på investering i tilknyttet selskap | 13 | 22 558 270 | 31 249 923 |
| Renteinntekt fra foretak i samme konsern | 9 | 12 931 493 | 16 165 617 |
| Annen renteinntekt | | 799 438 | 309 085 |
| Andre finansinntekter | | 0 | 30 000 000 |
| **Sum finansinntekter** | | **36 289 201** | **77 724 625** |
| Annen rentekostnad | | 5 579 798 | 14 254 975 |
| Annen finanskostnad | | 10 086 813 | 11 251 041 |
| **Sum finanskostnader** | | **15 666 611** | **25 506 016** |
| **Netto finans** | | **20 622 590** | **52 218 609** |
| **Ordinært resultat før skattekostnad** | | **20 458 463** | **52 026 690** |
| Skattekostnad på ordinært resultat | 8 | -461 957 | -2 012 735 |
| **Ordinært resultat etter skattekostnad** | | **20 920 420** | **54 039 425** |
| **Årsresultat** | | **20 920 420** | **54 039 425** |
| **Overføringer og disponeringer** | | | |
| Overført frå overkursfond | | -300 000 000 | |
| Tilleggsutbytte | | 300 000 000 | |
| Overført til annen egenkapital | | 20 920 420 | 54 039 425 |
| **Sum overføringer og disponeringer** | **12** | **20 920 420** | **54 039 425** |

**Organisasjonsnr: 993 153 044**
**SVELGEN KRAFT HOLDING AS**

## BALANSE

| Beløp i: NOK | Note | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| **BALANSE - EIENDELER** | | | |
| **Anleggsmidler** | | | |
| **Immaterielle eiendeler** | | | |
| **Finansielle anleggsmidler** | | | |
| Investering i datterselskap | 14 | 1 564 700 588 | 1 553 842 318 |
| Lån til foretak i samme konsern | 9 | 550 000 000 | 550 000 000 |
| **Sum finansielle anleggsmidler** | | **2 114 700 588** | **2 103 842 318** |
| **Sum anleggsmidler** | | **2 114 700 588** | **2 103 842 318** |
| **Omløpsmidler** | | | |
| **Varer** | | | |
| **Fordringer** | | | |
| Andre kortsiktige fordringer | 9 | 39 941 816 | 79 869 769 |
| **Sum fordringer** | | **39 941 816** | **79 869 769** |
| **Bankinnskudd, kontanter og lignende** | | | |
| Bankinnskudd, kontanter og lignende | 10 | 86 403 576 | 37 474 818 |
| **Sum bankinnskudd, kontanter og lignende** | | **86 403 576** | **37 474 818** |
| **Sum omløpsmidler** | | **126 345 392** | **117 344 587** |
| **SUM EIENDELER** | | **2 241 045 980** | **2 221 186 905** |
| **BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **Egenkapital** | | | |
| **Innskutt egenkapital** | | | |
| Selskapskapital | 11,12 | 179 166 300 | 179 166 300 |
| Overkurs | 11 | 1 089 131 122 | 1 389 131 122 |
| **Sum innskutt egenkapital** | | **1 268 297 422** | **1 568 297 422** |
| **Opptjent egenkapital** | | | |
| Annen egenkapital | 11 | 261 702 304 | 240 781 882 |
| **Sum opptjent egenkapital** | | **261 702 304** | **240 781 882** |
| **Sum egenkapital** | | **1 529 999 726** | **1 809 079 304** |
| **Gjeld** | | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Langsiktig gjeld** | | | |
| **Annen langsiktig gjeld** | | | |
| Øvrig langsiktig gjeld | 10,16 | 698 337 000 | 398 337 000 |
| **Sum annen langsiktig gjeld** | | **698 337 000** | **398 337 000** |
| | | | |
| **Sum langsiktig gjeld** | | **698 337 000** | **398 337 000** |
| | | | |
| **Kortsiktig gjeld** | | | |
| Leverandørgjeld | 9 | 25 177 | 16 927 |
| Betalbar skatt | 7 | 2 838 042 | 1 287 265 |
| Annen kortsiktig gjeld | 9 | 9 846 036 | 12 466 410 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **12 709 255** | **13 770 602** |
| | | | |
| **Sum gjeld** | | **711 046 255** | **412 107 602** |
| | | | |
| **SUM EGENKAPITAL OG GJELD** | | **2 241 045 981** | **2 221 186 906** |

**Organisasjonsnr: 993 153 044**
**SVELGEN KRAFT HOLDING AS**

## KONSERNRESULTATREGNSKAP

| Beløp i: NOK | Note | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| **RESULTATREGNSKAP** | | | |
| **Inntekter** | | | |
| Salgsinntekt | 3 | 209 137 000 | 136 527 000 |
| Annen driftsinntekt | 3 | 775 000 | 985 000 |
| **Sum inntekter** | | **209 912 000** | **137 512 000** |
| **Kostnader** | | | |
| Kjøp av overføringstenester | | 13 705 000 | 9 832 000 |
| Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler | 8 | 26 197 000 | 29 098 000 |
| Annen driftskostnad | 5 | 20 093 000 | 22 195 000 |
| Eigedomsskatt/avgifter | 6 | 19 063 000 | 17 964 000 |
| **Sum kostnader** | | **79 058 000** | **79 089 000** |
| **Driftsresultat** | | **130 854 000** | **58 423 000** |
| **Finansinntekter og finanskostnader** | | | |
| Annen finansinntekt | 9 | 987 000 | 30 726 000 |
| **Sum finansinntekter** | | **987 000** | **30 726 000** |
| Annen finanskostnad | 9 | 15 487 000 | 25 342 000 |
| **Sum finanskostnader** | | **15 487 000** | **25 342 000** |
| **Netto finans** | | **-14 500 000** | **5 384 000** |
| **Ordinært resultat før skattekostnad** | | **116 354 000** | **63 807 000** |
| Grunnrenteskatt | 7 | 69 242 000 | 2 121 000 |
| Overskotsskatt | 7 | 26 192 000 | 7 647 000 |
| **Ordinært resultat etter skattekostnad** | | **20 920 000** | **54 039 000** |
| **Årsresultat** | | **20 920 000** | **54 039 000** |
| **Overføringer og disponeringer** | | | |
| Overføring til/fra fond | | 20 920 000 | 54 039 000 |
| **Sum overføringer og disponeringer** | | **20 920 000** | **54 039 000** |

**Organisasjonsnr: 993 153 044**
**SVELGEN KRAFT HOLDING AS**

## KONSERNBALANSE

| Beløp i: NOK | Note | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| **BALANSE - EIENDELER** | | | |
| **Anleggsmidler** | | | |
| **Immaterielle eiendeler** | | | |
| Fallrettar | 8 | 1 809 103 000 | 1 809 103 000 |
| **Sum immaterielle eiendeler** | | **1 809 103 000** | **1 809 103 000** |
| **Varige driftsmidler** | | | |
| Kraftstasjonar | 8 | 454 359 000 | 401 509 000 |
| Anlegg under utførelse | 8 | 17 654 000 | 14 911 000 |
| Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner og lignende | 8 | 2 788 000 | 3 406 000 |
| **Sum varige driftsmidler** | | **474 801 000** | **419 826 000** |
| **Sum anleggsmidler** | | **2 283 904 000** | **2 228 929 000** |
| **Omløpsmidler** | | | |
| **Varer** | | | |
| Elsertifikat | | 2 305 000 | 2 193 000 |
| **Sum varer** | | **2 305 000** | **2 193 000** |
| **Fordringer** | | | |
| Kundefordringer | 9 | 53 258 000 | 18 682 000 |
| Andre fordringer | 9 | 3 338 000 | 14 585 000 |
| **Sum fordringer** | | **56 596 000** | **33 267 000** |
| **Bankinnskudd, kontanter og lignende** | | | |
| Bankinnskudd, kontanter og lignende | 10 | 86 404 000 | 37 474 000 |
| **Sum bankinnskudd, kontanter og lignende** | | **86 404 000** | **37 474 000** |
| **Sum omløpsmidler** | | **145 305 000** | **72 934 000** |
| **SUM EIENDELER** | | **2 429 209 000** | **2 301 863 000** |
| **BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **Egenkapital** | | | |
| **Innskutt egenkapital** | | | |
| Selskapskapital | 11 | 179 166 000 | 179 166 000 |
| Overkurs | 11 | 1 089 131 000 | 1 389 131 000 |
| **Sum innskutt egenkapital** | | **1 268 297 000** | **1 568 297 000** |
| **Opptjent egenkapital** | | | |
| Fond | 11 | 261 703 000 | 240 782 000 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Sum opptjent egenkapital** | | **261 703 000** | **240 782 000** |
| **Sum egenkapital** | | **1 530 000 000** | **1 809 079 000** |
| **Gjeld** | | | |
| **Langsiktig gjeld** | | | |
| Utsatt skatt | 7 | 68 843 000 | 46 161 000 |
| **Sum avsetninger for forpliktelser** | | **68 843 000** | **46 161 000** |
| **Annen langsiktig gjeld** | | | |
| Øvrig langsiktig gjeld | 14 | 698 337 000 | 398 337 000 |
| **Sum annen langsiktig gjeld** | | **698 337 000** | **398 337 000** |
| **Sum langsiktig gjeld** | | **767 180 000** | **444 498 000** |
| **Kortsiktig gjeld** | | | |
| Leverandørgjeld | 9 | 12 641 000 | 13 787 000 |
| Betalbar skatt | 7 | 72 765 000 | 16 951 000 |
| Skyldige offentlige avgifter | | 17 068 000 | 847 000 |
| Annen kortsiktig gjeld | 9 | 29 556 000 | 16 700 000 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **132 030 000** | **48 285 000** |
| **Sum gjeld** | | **899 210 000** | **492 783 000** |
| **SUM EGENKAPITAL OG GJELD** | | **2 429 210 000** | **2 301 862 000** |

**Organisasjonsnr: 993 153 044**
**SVELGEN KRAFT HOLDING AS**

## NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP

- alle poster oppgitt i hele tall

**Organisasjonsnr: 993 153 044**
**SVELGEN KRAFT HOLDING AS**

## NOTEOPPLYSNINGER - KONSERN

- alle poster oppgitt i hele tall

**Note**
1

**Regnskapsprinsipper**

**Note**
4

**Antall årsverk i regnskapsåret**
0.00

**Note**
4

**Spesifisering av resultatregnskapet**

**Lønnkostnader**

| Lønn | Årets | Fjorårets |
|---|---|---|
| | 0.00 | 0.00 |

| Folketrygdavgift | Årets | Fjorårets |
|---|---|---|
| | 0.00 | 0.00 |

| Pensjonskostnader | Årets | Fjorårets |
|---|---|---|
| | 0.00 | 0.00 |

| Andre ytelser | Årets | Fjorårets |
|---|---|---|
| | 0.00 | 0.00 |

**Note**

**Ekstraordinære inntekter og kostnader**

| Sum | Beløp |
|---|---|

| Balanseført verdi 31.12. | Varige driftsmidler | Immaterielle eiend. |
|---|---|---|

**Konsernregnskap**

**Morselskapet sitt navn**

**Forretningskontor for morselskapet**

**Begrunnelse for at datterselskap er utelatt fra konsolideringen**

| Samlet beløp - tilknyttet selskap | Årets | Fjorårets |
|---|---|---|

| Samlet beløp - foretak i samme konsern | Årets | Fjorårets |
|---|---|---|

| Samlet beløp - foretak i samme konsern | Årets | Fjorårets |
|---|---|---|

| Samlet beløp - felles kontrollert virksomhet | Årets | Fjorårets |
|---|---|---|

| Pantstillelse | Beløp |
|---|---|

| Beholdning av egne aksjer | Antall | Pålydende | Andel av aksjek. |
|---|---|---|---|

Admincontrol

# List of Signatures

Page 1/1

**SKH signeringsside Styret si melding 2021.pdf**

| Name | Method | Signed at |
|---|---|---|
| Holvik, Martin | BANKID_MOBILE | 2022-03-18 11:54 GMT+01 |
| Haugnes, Bengt Jostein | BANKID | 2022-03-18 11:21 GMT+01 |
| Søvikhagen, Terje | BANKID_MOBILE | 2022-03-18 11:03 GMT+01 |
| Falling, Stig Erland | BANKID_MOBILE | 2022-03-18 10:54 GMT+01 |
| Lingaas, Ola | BANKID_MOBILE | 2022-03-18 10:42 GMT+01 |
| Hornnes, Jacob | BANKID | 2022-03-22 08:31 GMT+01 |
| Gundersen, Ragnhild | BANKID | 2022-03-18 13:38 GMT+01 |

This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

External reference: 4461D538F14249CD9E30560E3FF5A19C

# 1116637 v/12

# Svelgen Kraft Holding AS

# Styret si melding for 2021

## Verksemda si art og tilhaldsstad

Svelgen Kraft Holding AS (org nr 993 153 044) er eit selskap eigd av SFE Produksjon AS (56%), Tafjord Kraftproduksjon AS (34%) og Sognekraft AS (10%). Formålet med selskapet er å eige og forvalte aksjar i Svelgen Kraft. Svelgen Kraft Holding AS er eit selskap i SFE-konsernet.

Svelgen Kraft Holding-konsernet består av morselskapet Svelgen Kraft Holding og det 100% eigde datterselskapet Svelgen Kraft AS.

I 2021 produserte Svelgen Kraft AS 678 GWh mot 792 GWh i 2020. Den årlege middelproduksjonen for selskapet er berekna til netto 698 GWh.

## Fortsatt drift

Rekneskapen er sett opp under føresetnad av fortsatt drift og det er ingen usikkerheit knytt til dette.

## Framtidsutsikter

Selskapet sine framtidsutsikter er gode sett i forhold til etterspørsel etter fornybar energi.

## Årsrekneskap

Resultat:

Rekneskapstala som vert kommentert er rekneskapen for konsernet Svelgen Kraft Holding. Konsernet hadde ei omsetning på 209,9 MNOK i 2021. Driftsresultatet er 130,9 MNOK. Resultatet etter skatt er 20,9 MNOK etter at 0,9 MNOK i finansinntekter, 15,5 MNOK i finanskostnader og 95,4 MNOK i skatt er resultatført.

Balanse og likviditet:

Konsernet sin eigenkapital er på 1.530 MNOK tilsvarande ein eigenkapitalandel på 63,0 % pr. 31.12.21. Anleggsverdiar på 2.283,9 MNOK er i hovudsak knytt til kraftverka Svelgen I-IV. Konsernet sin likviditet er tilfredstillande. Viktigaste forpliktinga konsernet har er lån frå eigarane på 698,4 MNOK. 398,4 MNOK stammar frå tidlegare år og er avdragsfritt fram til 2030. Dei andre låna på 300 MNOK, som vart etablert i 2021, er tilsvarande avdragsfritt til 2041. Låna er svært fleksibelt ved at renter berre forfell i den grad det er likviditet i konsernet til å betale dette.

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
4461D658F14249CD9E30560E3FF6A19C

Kontantstraumanalyse
Konsernet har hatt ein positiv kontantstraum på 48,9 MNOK. Driftsresultatet er 130,9 MNOK og kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar er positiv med 130,1 MNOK. Samanhengen mellom driftsresultatet og kontantstraum frå drifta kan forklarast slik:

| | |
|---|---|
| Resultat før skattekostnad | 116 354 |
| Avskrivingar | 26 197 |
| Betalte skattar | (16 937) |
| Netto finansinntekt | (14 501) |
| Tidsavgrensingspostar | 18 990 |
| **Kontantstraum frå drifta** | 130 102 |

Netto kontantstraum frå investeringsaktivtetane er negativ med 81,2 MNOK, dette beløpet gjeld utbetalt knytt til reinvestering i kraftanlegg Svelgen Kraft eig.

## Finansiell risiko
Som kraftprodusent er Svelgen Kraft utsett for store svingingar i marknadsprisane på kraft. For å handsame og redusere denne risikoen har styret vedteke ein marknadsstrategi som tilseier at ein del av krafta skal vere seld for dei første åra. Dei store skilnadane som har vore mellom systempris, som krafta har blitt prissikra til i en finansielle marknaden, og områdeprisen NO3 som Svelgen Kraft sin produksjonen vert levert til, gjer at prissikringa i 2021 har vore lite effektiv. Selskapet har som følgje av manglande sikringseffektivitet endra sikringsstrategien der det ikkje er inngått framtidige sikringskontrakter mot systempris.

Lånet frå eigarane på 698,4 MNOK som er avdragsfritt, gjer at Svelgen Kraft Holding har avgrensa risiko knytt til innlån. Lån på 398,4 forfell i sin heilheit i desember 2030. Lån på 300 MNOK som vart etablert i 2021 forfell i sin heilhet i 2041.

Valutarisiko utgjer både direkte og indirekte ein økonomisk risiko ved at den fysiske kraft-prisen på Nord Pool Spot og alle finansielle avtaler på NASDAQ OMX Commodities vert fastsett i Euro. Selskapet har tidlegare valutasikra ein andel av forventa kraftinntekter. I 2020 vedtok selskapet å slutte med valutasikring av kraftinntekter. Siste valutasikringskontrakt hadde forfall i oktober 2021. Svelgen Kraft Holding-konsernet har ein soliditet som gjer at ein har god evne til å tole risikoen ein usikra valutaposisjon representerer.

## Arbeidsmiljø, likestilling og diskriminering
Svelgen Kraft Holding AS og Svelgen Kraft AS har ikkje tilsette, alle ressursar til desse selskapa vert leigde inn frå SFE konsernet.

## Forsikring for styret sine medlemmer og dagleg leiar
Svelgen Kraft Holding AS har styreansvarsforsikring som er teikna av

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
4461D658F14249CD9E30560E3FF6A19C

morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS på vegne av dotterselskap. Forsikringa dekker ansvar for formuestap for krav framsatt mot den sikra i forsikringsperioden som følge av ei ansvarsbetinga handling eller unnlating hos sikra i eigenskap av dagleg leiar, styremedlem, medlem av leiing eller tilsvarande styreorgan i konsernet. Forsikringen dekker ikkje skade på personar eller eigedelar. Forsikringsavtalen sitt hovudforfall er 1. januar og løper i 12 månader. Det vert stadfesta at selskapet har styreansvarsforsikring med bransjetypisk beløpsgrense tilpassa Svelgen Kraft Holding AS sin storleik og omsetnad.

## Ytre miljø

Produksjon av vasskraft er rein og fornybar energi som er miljøvennleg i forhold til annan energi, og som ikkje medfører klimautslepp eller forureinar det ytre miljø. Både utbygging og drift av vasskraftanlegg fører til inngrep i naturen og påverkar miljøet. Selskapet legg vekt på å forebygge og avgrense uønska miljøkonsekvensar og prøver gjennom oppfølging av reguleringsføresegner og ulike tiltak i vassdraget å ta omsyn til miljøet i regulerte vassdrag.

Svelgen Kraft leiger eigen Vassdragsteknisk Ansvarleg (VTA) hjå SFE Produksjon og følgjer systematisk opp tilstand, sikkerheit og miljøforhold ved vassdragsanlegga. Det er innført kjeldesortering ved avfallshandtering gjennom avtale med Elkem Bremanger Smelteverk.

## Eigarstyring og selskapsleiing

Norsk utval for eigarstyring og selskapsleiing (NUES) utarbeider tilråding for eigarstyring og selskapsleiing. Tilrådinga skal bidra til å klargjere rolledelinga mellom aksjeeigarar, styre og dagleg leiing utover det som føl av lovgivning. SFE konsernet er ikkje pålagt gjennom lov eller regelverk å følgje denne tilrådinga, men har likevel valt å følgje tilrådinga så langt den er relevant. På SFE si heimeside vil ein finne SFE si vurdering av status i forhold til NUES si tilråding.

## Samfunnsansvar

Samfunnsansvar for SFE konsernet omfattar mellom anna vår økonomiske verdiskaping for offentlege eigarar og våre lokalsamfunn, produksjon av kraft frå fornybare energikjelder, utvikling og drift av ein kritisk infrastruktur for samfunnet, ein bærekraftig og mest mogleg skånsam bruk av naturen, og omfattande samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.

## Spesielle hendingar

Covid-19 pandemien er truleg over i Norge. Konsernet vart i mindre grad ramma av pandemien enn mange andre verksemder og etterspørselen etter konsernet sitt produkt elektrisk kraft vart lite påverka av pandemien.

Styret ser med bekymring på dei store prisskilnadane vi har mellom dei nordligaste prisområda i Norden og systempris. Særleg bekymringsverdig er det at Statnett i liten grad makter å utnytte den fysiske kapasiteten mellom NO3 og NO5/NO1 og at kraftflyten ofte går frå høgprisområda NO5/NO1 til lågprisområdet NO3. I tillegg til å vere eit bedriftsøkonomisk tap for produsentar i NO3 og forbrukarar i sør fører dette til eit vesentleg samfunnsøkonomisk tap. Vi

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
4461D658F14249CD9E30560E3FF5A19C

kan ikkje sjå at Statnett har sett i verk nødvendig tiltak i den operative drifta for å betre situasjonen.

*Styret ser også med bekymring på at Statnett og dei andre nordiske TSO'ane ikkje har vore i stand til å gjere interne nettforsterkningar i Norden i samme takt som utbygging av kabler til kontinentet og Storbritannia. Dette tapar forbruare i sør og produsenter i nord på, og viss ein ikkje ser eit taktskifte hos dei nordiske TSO'ane kan det være hemmande «det grøne skiftet»*

Svelgen Kraft har inngått finansielle salskontrakter som er underlagt sikringsbokføring. Desse kontraktane er i hovudsak sikra opp mot Systempris, men eit mindre volum er prissikra mot NO3-pris. Systemprisen har i løpet av 2021 svak korrelasjon mot prisområde NO3, der Svelgen Kraft leverer sin produksjon. Korrelasjonen mellom systempris og NO3 prisområde har historisk vore svært sterk. Selskapet har dermed sikra delar av produksjonen sin mot systempris. Pga. manglande sikringseffektivitet mellom NO3-pris og systempris er heile den negative marknadsverdien på Systempriskontrakter på 14,7 mill kr kostnadsført i resultatrekneskapen 2021 som sikringsineffektivitet.

## Årsresultat og disponeringar

Styret foreslår slik disponering av årsoverskotet i selskapet:

| | | |
|---|---|---|
| Årsresultat | kr | 20.920.421 |
| Tilleggsutbytte | kr | -300.000.000 |
| Overført frå overkursfond | kr | 300.000.000 |
| Overført til annan eigenkapital | kr | 20.920.421 |
| | | |
| Sum disponert | kr | 20.920.421 |

Sandane, 16.03.2022

Ola Lingaas
styreleiar

Ragnhild Gundersen

Jacob Hornnes

Bengt Haugnes

Stig Falling

Terje Søvikhagen

Martin Holvik
dagleg leiar/styremedlem

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
4461D658F14249CD9E30560E3FF5A19C

# Svelgen Kraft Holding
# RESULTATREKNESKAP
# Desember 2021

tal i 1000 kr

| Konsern | | | | Morselskap | |
|---|---|---|---|---|---|
| 2020 | 2021 | Driftsinntekter: | Note | 2021 | 2020 |
| 136 527 | 209 137 | Sal av kraft | 3 | 0 | 0 |
| 985 | 775 | Andre driftsinntekter | 3 | 0 | 0 |
| 137 512 | 209 912 | SUM DRIFTSINNTEKTER | | 0 | 0 |
| | | Driftskostnader: | | | |
| 0 | 0 | Løn og sos.kostn. | 4 | 0 | 0 |
| 9 832 | 13 705 | Kjøp overføringstenester | | 0 | 0 |
| 22 194 | 20 093 | Andre driftskostn. | 5 | 164 | 192 |
| 17 964 | 19 063 | Eigedomsskatt/avgifter | 6 | 0 | 0 |
| 29 098 | 26 197 | Avskrivingar | 8 | 0 | 0 |
| 0 | 0 | Nedskrivinger | 8 | 0 | 0 |
| 79 089 | 79 058 | SUM DRIFTSKOSTNADER | | 164 | 192 |
| 58 423 | 130 854 | DRIFTSRESULTAT | | -164 | -192 |
| | | Finansielle postar: | | | |
| 0 | 0 | Inntekt investering datterselskap | 13 | 22 558 | 31 250 |
| 30 726 | 987 | Finansinntekter | | 799 | 30 309 |
| 0 | 0 | Konserninterne finansinntekter | 9 | 12 931 | 16 166 |
| 25 342 | 15 488 | Finanskostnader | | 15 667 | 25 506 |
| 0 | 0 | Konserninterne finanskostnader | 9 | 0 | 0 |
| 63 807 | 116 354 | ORD.RES FØR SKATTEKOSTNAD | | 20 458 | 52 027 |
| | | Skattar | | | |
| 2 121 | 69 242 | Grunnrenteskatt | 7 | 0 | 0 |
| 7 646 | 26 192 | Overskotsskatt | 7 | -462 | -2 013 |
| 54 039 | 20 920 | ÅRSRESULTAT | | 20 920 | 54 039 |

# Svelgen Kraft Holding

**Balanse**

| Konsern | | | | Morselskap | |
|---|---|---|---|---|---|
| **31.12.2020** | **31.12.2021** | **(Tal i 1000 kr)** | **Note** | **31.12.2021** | **31.12.2020** |
| | | **EIGEDELAR** | | | |
| | | **Anleggsmiddel:** | | | |
| | | **Immaterielle eigedelar:** | | | |
| 1 715 854 | 1 715 854 | Fallrettar | 8 | 0 | 0 |
| 93 249 | 93 249 | Andre rettar | 8 | 0 | 0 |
| 0 | 0 | Goodwill | 8 | 0 | 0 |
| 0 | 0 | Utsett skatt fordel | | 0 | 0 |
| **1 809 103** | **1 809 103** | **Sum immaterielle eigedelar** | | **0** | **0** |
| | | **Varige driftsmiddel:** | | | |
| 3 406 | 2 788 | Div. anleggsaktiva | 8 | 0 | 0 |
| 401 509 | 454 359 | Kraftstasjonar | 8,15 | 0 | 0 |
| 14 911 | 17 654 | Prosjekt under arbeid | 8 | 0 | 0 |
| **419 825** | **474 800** | **Sum varige driftsmidlar** | | **0** | **0** |
| | | **Finansielle anleggsmiddel:** | | | |
| 0 | 0 | Investering i dotterselskap | 13 | 1 564 701 | 1 553 842 |
| 0 | 0 | Investering i tilknytta selskap | 13 | 0 | 0 |
| 0 | 0 | Lån til selskap i same konsern | 9 | 550 000 | 550 000 |
| **0** | **0** | **Sum finansielle anleggsmiddel** | | **2 114 701** | **2 103 842** |
| **2 228 929** | **2 283 904** | **Sum anleggsmiddel** | | **2 114 701** | **2 103 842** |
| | | **Omløpsmiddel:** | | | |
| | | **Fordringar:** | | | |
| 18 682 | 53 258 | Kundefordringar | 9 | 0 | 0 |
| 14 585 | 3 338 | Andre kortsiktige krav | 9 | 39 942 | 79 870 |
| **33 267** | **56 596** | **Sum fordringar** | | **39 942** | **79 870** |
| 2 193 | 2 305 | **Elsertifikat** | | | |
| 37 475 | 86 404 | **Kasse, bank etc.** | 10 | 86 404 | 37 475 |
| **72 935** | **145 305** | **Sum omløpsmiddel** | | **126 345** | **117 345** |
| **2 301 863** | **2 429 209** | **SUM EIGEDELAR** | | **2 241 046** | **2 221 187** |

Admincontrol

# List of Signatures

Page 1/1

## SKH signeringsside årsrekneskap 2021.pdf

| Name | Method | Signed at |
|---|---|---|
| Holvik, Martin | BANKID MOBILE | 2022-03-18 11:53 GMT+01 |
| Haugnes, Bengt Jostein | BANKID | 2022-03-18 11:22 GMT+01 |
| Søvikhagen, Terje | BANKID MOBILE | 2022-03-18 11:01 GMT+01 |
| Falling, Stig Erland | BANKID MOBILE | 2022-03-18 10:54 GMT+01 |
| Lingaas, Ola | BANKID MOBILE | 2022-03-18 10:41 GMT+01 |
| Hornnes, Jacob | BANKID | 2022-03-22 08:31 GMT+01 |
| Gundersen, Ragnhild | BANKID | 2022-03-18 13:37 GMT+01 |

This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

External reference: E31BB2B737B44989AB43A2E5E615D3DF

| Konsern | | | | Morselskap | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | (Tal i 1000 kr) | | | |
| | | **GJELD OG EIGENKAPITAL** | **Nota** | | |
| **31.12.2020** | **31.12.2021** | | | **31.12.2021** | **31.12.2020** |
| | | **Eigenkapital:** | | | |
| | | **Innskoten eigenkapital** | | | |
| 179 166 | 179 166 | Aksjekapital | 11 | 179 166 | 179 166 |
| 1 389 131 | 1 089 131 | Overkurs | 11 | 1 089 131 | 1 389 131 |
| **1 568 297** | **1 268 297** | **Sum innskoten eigenkapital** | | **1 268 297** | **1 568 297** |
| | | **Opptent eigenkapital** | | | |
| 0 | 0 | Annan eigenkapital | 11 | 261 702 | 240 782 |
| 240 782 | 261 702 | Konsernfond | 11 | 0 | 0 |
| **240 782** | **261 702** | **Sum opptent eigenkapital** | | **261 702** | **240 782** |
| **1 809 079** | **1 530 000** | **Sum eigenkapital** | | **1 530 000** | **1 809 079** |
| | | **Gjeld:** | | | |
| | | **Avsetting for forpliktingar:** | | | |
| 30 166 | 25 407 | Utsett skatt forplikting alm. inntekt | 7 | 0 | 0 |
| 15 995 | 43 436 | Utsett skatt forplikting grunnrenteinntekt | 7 | 0 | 0 |
| 0 | 0 | Avsetting for forpliktingar | | 0 | 0 |
| **46 161** | **68 843** | **Sum avsetting for forpliktingar** | | **0** | **0** |
| | | **Langsiktig gjeld:** | | | |
| 0 | 0 | Gjeld til kredittinstitusjoner | | 0 | 0 |
| 398 337 | 698 337 | Øvrig langsiktig gjeld | 14 | 698 337 | 398 337 |
| **398 337** | **698 337** | **Sum langsiktig gjeld** | | **698 337** | **398 337** |
| | | **Kortsiktig gjeld:** | | | |
| 13 787 | 12 641 | Leverandørgjeld | 9 | 25 | 17 |
| 16 951 | 72 765 | Betalbar skatt | 7 | 2 838 | 1 287 |
| 847 | 17 068 | Skuldige offentlege avgifter, skattetrekk etc | | 0 | 0 |
| 16 700 | 29 556 | Anna kortsiktig gjeld | 9 | 9 846 | 12 466 |
| **48 285** | **132 029** | **Sum kortsiktig gjeld** | | **12 709** | **13 770** |
| **492 784** | **899 209** | **Sum gjeld** | | **711 046** | **412 106** |
| **2 301 863** | **2 429 209** | **SUM GJELD OG EIGENKAPITAL** | | **2 241 046** | **2 221 187** |

**Sandane, 16.03.2022**

Ola Lingaas
Styreleiar

Ragnhild Gundersen

Jacob Hornnes

Bengt Haugnes

Stig Falling

Terje Søvikhagen

Martin Holvik
Dagleg leiar /styremedlem

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
E31BE2B737B44969AB43A2E5E6150D3DF

# Kontantstraumanalyse

| Konsern | | tal i 1000 kr | Svelgen Kraft Holding AS | |
|---|---|---|---|---|
| **2020** | **2021** | **Kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar:** | **2021** | **2020** |
| 63 807 | 116 354 | Ordinært resultat før skattekostnad | 20 458 | 52 027 |
| -88 315 | -16 937 | Betalte skattar i perioden | -1 287 | -20 144 |
| 29 098 | 26 197 | Av- og nedskrivingar | 0 | 0 |
| 0 | 0 | Resultat frå datterselskap utan kontanteffekt | -22 558 | -31 250 |
| 0 | 0 | Resultat frå tilknytta selskap utan kontanteffekt | 0 | 0 |
| 0 | 0 | Gevinst ved sal av varige driftsmiddel | 0 | 0 |
| -30 000 | 0 | Gevinst ved sal av aksjar | 0 | -30 000 |
| 1 437 | -34 576 | Endring i kundefordringar | 0 | 0 |
| 13 493 | -1 146 | Endring i leverandørgjeld | 8 | -45 |
| 0 | 0 | Endring pensjonsforpliktingar | 0 | 0 |
| -23 110 | 40 211 | Endring i andre tidsavgrensingspostar | 37 308 | -122 377 |
| **-33 590** | **130 102** | **Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar** | **33 929** | **-151 789** |
| | | **Kontantstraum frå investeringsaktivitetar:** | | |
| -18 199 | -81 173 | Utbetalingar ved kjøp/tilverking varige driftsmiddel | 0 | 0 |
| 0 | 0 | Innbetalingar ved avgang varige driftsmiddel | 0 | 0 |
| 0 | 0 | Utbetalingar ved kjøp av aksjar og andelar | 0 | 0 |
| 30 000 | 0 | Innbetalingar ved sal av aksjar og andelar | 0 | 30 000 |
| **11 801** | **-81 173** | **Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar** | **0** | **30 000** |
| | | **Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar:** | | |
| 0 | 0 | Innbetaling av utlån | 0 | 0 |
| 0 | 0 | Utbetaling ved reduksjon av langsiktig gjeld | 0 | 0 |
| 0 | 0 | Utbetaling kontantar avgang datterselskap | 0 | 0 |
| 0 | 0 | Motteke konsernbidrag | 15 000 | 100 000 |
| 0 | 0 | Utbetalt konsernbidrag | 0 | 0 |
| 0 | 0 | Utbetalt utbytte | 0 | 0 |
| **0** | **0** | **Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar** | **15 000** | **100 000** |
| -21 789 | 48 929 | Netto endring i kontantar og ekvivalentar | 48 929 | -21 789 |
| 59 264 | 37 475 | Behaldning av kontantar og ekvivalentar 1.1 | 37 475 | 59 264 |
| 37 475 | 86 404 | Behaldning av kontantar og ekvivalentar 31.12 | 86 404 | 37 475 |

# 1115955

# Notar til rekneskapen 2021

***Stifting og formål***
Svelgen Kraft Holding AS vart skipa 16.09.2008. Selskapet sitt føremål er å eige og forvalte aksjar.

***1 Rekneskapsprinsipp***
Svelgen Kraft Holding AS sin selskapsrekneskap og konsernrekneskap er ført i samsvar med rekneskapslova av 1998 og reglane for god rekneskapsskikk.

***Grunnleggande forhold***
Selskapsrekneskapen for Svelgen Kraft Holding AS består av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling og noteopplysningar.

Konsernrekneskapen viser det samla økonomiske resultat og økonomiske stilling ved at morselskapet og eigardelar i andre selskap vert presentert som ei økonomisk eining. Selskap der konsernet har bestemmande påverknad er konsolidert.

Årsrekneskapen for Svelgen Kraft-konsernet består av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling og noteopplysningar. Konsernet består av morselskapet Svelgen Kraft Holding AS og datterselskapet Svelgen Kraft AS. Alle interne resultat- og balansepostar som skuldast interne transaksjonar er utlikna. Ved konsolideringa er anskaffelseskostnaden til aksjane i dotterselskapet eliminert mot eigenkapitalen på oppkjøpstidspunktet. Meir- og mindreverdiar av aksjane i dotterselskapet i forhold til bokført eigenkapital i selskapet er i konsernrekneskapen fordelt til dei ulike eigedelane i dotterselskapet og vert avskrive planmessig.

Alle finansielle kraftkontraktar Svelgen Kraft AS har handla på NASDAQ OMX Commodities inngår i sikringsportefølje og er underlagt sikringsbokføring.

Svelgen Kraft AS har avtale med majoritetseigar SFE Produksjon AS om finansiell krafthandel. Svelgen Kraft AS inngår avtaler på NASDAQ OMX Commodities ved bruk av SFE Produksjon AS sin konto. Svelgen Kraft AS heftar imidlertid for all risiko knytt til desse kontraktene og dei vert rekneskapsførte som om Svelgen Kraft handlar desse direkte på NASDAQ OMX Commodities. All fysisk kraftproduksjon som ikkje vert levert som konsesjonskraft eller gjennom bilaterale fysiske kraftkontrakter vert seld

til SFE Produksjon AS som omset denne på NordPool Spot. Svelgen Kraft AS oppnår same pris på sin fysiske kraftproduksjon som SFE Produksjon sel den for på NordPool Spot. Finansiell og fysisk handel med kraft på NASDAQ OMX Commodities og NordPool Spot er i Euro.

***Prinsipp for inntekts- og kostnadsføring***
Inntektsføring i rekneskapen skjer ved levering av varer eller tenester til kunde. Utgifter vert samanstilt med og vert kostnadsført samtidig med dei inntektene som utgiftene kan henførast til. Utgifter som ikkje kan henførast direkte til inntekter vert kostnadsført når dei påløper.

All fysisk krafthandel er ført brutto i resultatrekneskapen, medan nettoresultatet av finansiell sikring er ført under driftsinntekter.

***Hovudregel for vurdering og klassifisering av balansepostar***
Eigedelar som er bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Andre eigedelar er klassifisert som omlaupsmiddel. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er klassifisert som omlaupsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterium lagt til grunn. Anleggsmiddel er vurdert til anskaffingskost, men vert nedskrive til verkeleg verdi når verdifallet ikkje er forventa å vere forbigåande. Dersom anleggsmiddelet har avgrensa økonomisk levetid vert det avskrive planmessig over levetida.

Ved vurdering av omlaupsmiddel er lågaste verdis prinsipp nytta, slik at omlaupsmidlane er vurdert til lågaste verdi av anskaffingskost og marknadsverdi. Langsiktig gjeld vert balanseført til pari kurs. Kortsiktig gjeld vert balanseført til motteke beløp på lånetidspunktet, og vert ikkje oppskrive til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

Enkelte postar er vurdert etter andre reglar og desse er det gjort greie for nedanfor.

***Immaterielle eigedelar***
For å kunne balanseføre utviklingsarbeid som immateriell eigedel, må ein kunne identifisere utviklingsarbeidet, dvs. at det er mogeleg å skilje ut og kan seljast eller leigast ut, eller på annan måte overføre dei framtidige økonomiske fordelane knytt til eigedelen.

I konsernrekneskapen er det balanseført verdiar av fallrett knytt til kraftstasjonane. Verdien av fallretten er framkomen som skilnaden mellom den totale verdien av kraftverket og fallrett med frådrag av gjenanskaffelseskostnaden for dei fysiske driftsmidla involvert i vasskraftproduksjonen i det aktuelle kraftverket. Denne verdien vert ikkje avskriven.

Svelgen Kraft har rett til å motta 10 GWh kraft vederlagsfritt frå SFE Produksjon AS som kompensasjon for ei kraftutbygging som vart gjennomført rundt 1970. Denne retten er balanseført i konsernrekneskapen. Retten vert ikkje avskriven sidan den er evigvarande.

***Varige driftsmiddel og avskrivingar***
Varige driftsmiddel vert avskrive lineært over forventa levetid. Avskriving vert starta året etter investeringsåret for mindre, ordinære avskrivingar, medan det for større investeringar vert starta avskrivingar den månaden driftsmiddelet vert teke i bruk. For eigne investeringsarbeid utgjer anskaffingskost variable og andel av faste kostnader. Det vert aktivert byggelånsrenter på større investeringar med byggetid på meir enn 6 månadar, medan meir ordinære investeringar ikkje vert aktiverte med byggelånsrenter. Periodiske vedlikehaldsutgifter vert aktiverte i balansen og avskrive over vedlikehaldsintervallet.

***Fordringar***
Kundefordringar og andre fordringar er oppført til pålydande etter frådrag for avsetting til forventa tap. Avsetting til tap er gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringar.

***Godtgjersler***
Svelgen Kraft AS utbetaler godtgjersler i samband med overtaking av bruks- og fallrettar.

For utbygde kraftverk er eingongsgodtgjersler aktivert og vert avskrive over anlegget si levetid, medan årlege godtgjersler for utbygde anlegg vert kostnadsført. For rettar som ikkje er utnytta, vert dei årlege godtgjerslene kostnadsførte.

***Magasinfylling***
I samsvar med vanleg praksis i bransjen vert ikkje vassmagasin balanseført. Vassmagasin er likevel vesentleg for vurdering av rekneskapsmessige resultat for selskapet.

***Kraftkontrakter***
Alle kjøps- og salskontraktar blir periodiserte, dvs. inntekter og kostnader blir periodiserte i høve til leverings- og mottakstidspunkt. Kraftporteføljа vert vurdert med gjennomsnittspris på sals- og kjøpskontraktar med tilsvarande volum og samanfallande leveringsperiodar.

Rekneskapsreglane tillett i dag to metodar for sikringsbokføring. Den eine metoden er at meir-/mindreverdiar på sikringsinstrumentet vert helde utanfor balansen. Den andre metoden er at meir-/mindreverdiar vert teke inn i balansen og med eigenkapitalen som einaste motpost. Svelgen Kraft

har valt den første metoden der meir-/mindreverdiar ikkje vert tatt med i balansen.

Kraftporteføljа:
Kraftporteføljа inneheld i tillegg til eigenproduksjonen, alle sals- og kjøpskontraktar som er inngått med grunngjeving i forhold knytt til fysiske tilhøve i våre produksjonsanlegg. Dette gjeld både fysiske og finansielle kraftkontraktar. Det er høve til å inngå sals- og kjøpsopsjonar. For kraftsals- og kraftkjøpskontraktar med levering for neste år vert same sesong samanstilt etter porteføljeprinsippet og urealiserte tap som måtte vere i porteføljа vert kostnadsført. For kraftkontraktar med levering seinare enn neste år vert same år samanstilt og evt. urealiserte tap vert kostnadsført. Urealiserte gevinstar vert ikkje inntektsført. Eigenproduksjonen vert i denne vurderinga lagt inn som ei kjøpskontrakt med kjøpspris lik sjølvkost.

Svelgen Kraft handlar finansielle instrument, primært på NASDAQ OMX Commodities ved bruk av SFE Produksjon AS sin konto, for å optimalisere verdiane og redusere risikoen som ligg i kraftporteføljene. Finansielle instrument som vert handla er forwards, futures og opsjonar på NASDAQ OMX Commodities. Det vert også handla forwards bilateralt. Opsjonspremiar vert resultatført parallelt med det underliggande produktet, med unntak av opsjonar for komande år som på balansetidspunktet var verdilause, desse vert kostnadsførte i inneværande år. Ved utgongen av 2021 hadde Svelgen Kraft ingen finansielle kraftopsjonar.

Resultatet av sikringshandelen vert ført på same rekneskapsline som resultatet av den sikra posisjonen.

Svelgen Kraft valutasikrar ein andel av kraftinntektene i Euro i samsvar med vedteken sikringsstrategi. Strategien blei endra i 2020 slik at Svelgen Kraft ikkje lenger skal valutasikre kraftinntekter. Dette medfører at det ikkje blir inngått nye valutasikringskontrakter, men eksisterande kontrakter løper til forfall. Siste valutasikringskontrakt gjekk ut i oktober 2021. Svelgen Kraft praktiserar sikringsbokføring og realisert tap og vinst på valutasikringa blir resultatført som ein del av kraftsalsinntektene og henført til same rekneskapsperiode som den valutasikrasikra kraftinntekta. Meir-/mindreverdiar på valutasikringsinstrument vert ikkje balanseført.

***Grøne sertifikat***
Etter lov om elsertifikat får Svelgen Kraft utstedt elsertifikat for ny produksjon frå fornybar kraftproduksjon. Elsertifikatregisteret utsteder elsertifikat månaden etter kraftproduksjonen har funne stad, eit elsertifikat for kvar MWh elsertifikatberettiga kraftproduksjon. Elsertifikata vert inntektsført ved utsteding og balanseført som omløpsmiddel etter

FIFO-prinsippet. Svelgen Kraft får utstedt opphavsgarantiar for produsert mengde i alle kraftverk, ein garanti for kvar produsert MWh. Behaldninga ved årsslutt vert bokført etter berekna marknadsverdi.

***Prinsipp for kontantstraumoppstilling***
Kontantstraumoppstillinga er utarbeida med basis i den indirekte metoden. Dette innebærer at ein i analysen tek utgangspunkt i foretaket sitt årsresultat for å kunne presentere kontantstraumar tilført frå henholdsvis ordinær drift, investeringsverksemda og finansieringsverksemda.

***Aksjar i dotterselskap***
Investeringar i dotterselskap er i selskapsrekneskapen vurdert etter eigenkapitalmetoden.

***Skattar***
Svelgen Kraft betalar fire ulike skatteartar. Dette er alminneleg overskotsskatt, grunnrenteskatt, naturresursskatt og eigedomsskatt.

**Overskotsskatt**
Overskotsskatten vert berekna etter dei ordinære skattereglane. Skattekostnaden i resultatrekneskapen er samansett av betalbar skatt og endring i utsett skattefordel/skatteforplikting. Betalbar skatt vert berekna på grunnlag av året sitt skattemessige resultat. Utsett skattefordel/skatteforplikting vert berekna på grunnlag av midlertidige skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar. Utsett skatt er rekna etter nominell verdi.

**Grunnrenteskatt**
Grunnrenteskatten er ein kraftverksspesifikk skatt som vert berekna separat for kvart kraftverk. Negativ grunnrenteinntekt i eit kraftverk som skriv seg frå 2007 og seinare kan likevel samordnast med positiv grunnrenteinntekt i andre kraftverk innan eit skattekonsern. Grunnrenteskatten har som formål å skattlegge den avkastinga ein vasskraftprodusent har utover normalavkasting som følge av at produsenten utnyttar ein naturresurs. Denne skattearten er delvis overskotsuavhengig.

Skattekostnaden knytt til grunnrente i Svelgen Kraft sitt resultatrekneskap består av betalbar grunnrenteskatt, endring i utsett skatt knytt til grunnrente med basis i endring i midlertidige skilnader og endring i framførbart underskot knytt til grunnrente. Ved berekning av utsett skatt fordel/forplikting 31.12.2021 er det brukt nominell skattesats på 47,4%. I samsvar med tilråding frå bransjeorganisasjon er det ved negative midlertidige skilnader balanseført utsett skatt fordel grunnrente for kraftverk som er i posisjon for betalbar grunnrenteskatt. Utsett skatt fordel/forplikting på grunnrente er presentert netto i balansen.

**Naturresursskatt**
Naturresursskatten er overskotsuavhengig og vert berekna basert på det enkelte kraftverk sin gjennomsnittlege produksjon dei siste 7 åra. Naturresursskatten kan utliknast krone for krone mot overskotsskatten, og ikkje utlikna naturresursskatt kan framførast med renter.

**Eigedomsskatt**
Eigedomsskatten er ein overskotsuavhengig skatt. For kraftverk vert grunnlaget for eigedomsskatten fastsett i samband med skattelikninga. Øvrige anlegg vert verdisett gjennom ein eigedomsskattetakst. Eigedomsskatten utgjer inntil 0,7% av grunnlaget. I rekneskapen er eigedomsskatten teken med som ein driftskostnad.

## *2. Kraftproduksjon, kraftsal og kraftkjøp*

**Kraftproduksjon:**

| | **2021** | **2020** |
|---|---:|---:|
| Årets produksjon | 678 GWh | 792 GWh |
| Middelproduksjon | 698 GWh | 698 GWh |

Fastsett middelproduksjon er basert på produksjons- og tilsigsseriar for perioden 1997-2016.

| | **31.12.21** | **31.12.20** |
|---|:---:|:---:|
| Magasinbehaldning (GWh) | 203 | 262 |
| Andel av magasinkapasitet | 65% | 84% |

## *3. Driftsinntekter*

***Konsern***

| Beløp i 1000 kr | **2021** | **2020** |
|---|---:|---:|
| Kraftsalsinntekter | 209 137 | 136 527 |
| Andre driftsinntekter | 775 | 985 |
| **Sum driftsinntekter** | **209 912** | **137 512** |

## *4. Lønskostnader, antall tilsette, godtgjeringar m.m*

Svelgen Kraft Holding har ingen tilsette. Dagleg leiar er innleigd frå Sogn og Fjordane Energi AS. Det er i året ikkje utbetalt lønn i selskapet. Det er ikkje utbetalt styrehonorar til selskapet sitt styre. Det føreligg ingen ytingar til andre leiande personar.
Svelgen Kraft vert drifta ved hjelp av innleige frå SFE konsernet. Leiande personell i SFE Produksjon har også ansvar for leiande funksjonar i Svelgen Kraft. Kostnadane vedrørande drift og leiing er fakturert selskapa etter medgått tid.

Godtgjersle for revisjon og revisjonsrelaterte tenester ex.mva :

| Beløp i 1000 kr | **Mor** | | **Konsern** | |
|---|---|---|---|---|
| | **2021** | **2020** | **2021** | **2020** |
| Lovpålagt revisjon | 64 | 31 | 136 | 86 |
| Andre attestasjonstenester | 0 | 0 | 0 | 6 |
| Rådgjeving | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum** | **64** | **31** | **136** | **92** |

## *5. Andre driftskostnader*

| Beløp i 1000 kr | **Mor** | | **Konsern** | |
|---|---|---|---|---|
| | **2021** | **2020** | **2021** | **2020** |
| Kjøp av drifts og vedlikehaldstenester | 0 | 0 | 14 223 | 13 260 |
| Forsikringar | 0 | 0 | 1 062 | 1 193 |
| Andre driftskostnader | 100 | 161 | 4 583 | 7 328 |
| Advokat, konsulent og revisjonstenester | 64 | 31 | 225 | 413 |
| **Sum andre driftskostnader** | **164** | **192** | **20 093** | **22 194** |

## 6. *Eigedomsskatt, avgifter og godtgjersler*

**Konsern**

| Beløp i 1000 kr | **2021** | **2020** |
|---|---|---|
| Konsesjonsavgifter | 5 928 | 5 800 |
| Konsesjonspålagde tiltak | 0 | 0 |
| Grunn- og ulempeserstatning | 79 | 79 |
| Frikraftutbetalingar | 475 | 650 |
| Eigedomsskatt | 12 581 | 11 326 |
| **Sum eigedomsskatt, avgifter og godtgjersler** | **19 063** | **17 964** |

Svelgen Kraft er eit 100% offentleg eigd selskap og såleis er ikkje Svelgen Kraft sine kraftstasjonar utsett for heimfall til staten. Gjennom disponering av fallrettar i utbygde og ikkje utbygde vassdrag har Svelgen Kraft teke på seg forpliktingar ved å betale årlege godtgjersler.

## 7. *Skattar*

### *7a) Skilnad mellom resultat før skattekostnad og årets skattegrunnlag alminneleg inntekt*

**Årets alminnelege inntekt kjem fram slik:**

| | **Mor** | |
|---|---|---|
| Beløp i 1000 kr | **2021** | **2020** |
| | | |
| **Resultat før skattekostnad** | **20 458** | **52 027** |
| Inntekt frå investering i dotter/tilknytta selskap | -22 558 | -31 250 |
| Permanente skilnader | 0 | -29 926 |
| Motatt konsernbidrag | 15 000 | 15 000 |
| Avgjeve konsernbidrag | 0 | 0 |
| Gjeldsbegrensingsregel | 0 | 0 |
| **Alminneleg inntekt** | **12 900** | **5 851** |

### *7b) Grunnlag for berekning av utsett skatt*

**Spesifikasjon av skatteeffekten av midlertidige skilnader for skatt på alminneleg inntekt:**

| | **Mor** | | **Konsern** | |
|---|---|---|---|---|
| *Beløp i 1000 kr* | **31.12.21** | **31.12.20** | **31.12.21** | **31.12.20** |
| | **Fordel 22%** | **Fordel 22%** | **Forplikting 22%** | **Forplikting 22%** |
| Anleggsmidlar | 0 | 0 | -28 618 | -30 166 |
| Langsiktig fordring | 0 | 0 | -16 | 0 |
| Kortsiktig gjeld | 0 | 0 | 3 227 | 0 |
| **Sum** | **0** | **0** | **-25 407** | **-30 166** |
| **Netto utsett fordel/forpl. i balansen** | **0** | **0** | **-25 407** | **-30 166** |

**Spesifikasjon av skatteeffekten av midlertidige skilnader for skatt på grunnrenteinntekt:**

| | Mor | | Konsern | |
|---|---|---|---|---|
| *Beløp i 1000 kr* | **31.12.21** | **31.12.20** | **31.12.21** | **31.12.20** |
| | **Fordel 47,4%** | **Fordel 37,0%** | **Forplikting 47,4%** | **Forplikting 37,0%** |
| Anleggsmidlar | 0 | 0 | -47 677 | -15 995 |
| **Utsett fordel/forplikting i balansen** | **0** | **0** | **-47 677** | **-15 995** |
| Utsett skatteffekt knytt til alminneleg inntekt(47,4% * 22 %) | | | **-4 241** | **0** |
| **Netto utsett fordel i balansen** | | | **-43 436** | **-15 995** |

Kraftstasjonane Svelgen I, Straumane og Fossekallen er under 10.000 kVA installert merkeyting som er grensa for ilegging av grunnrenteskatt. Det er difor ikkje balanseført utsett skatt grunnrente for desse kraftverka.

### *7c) Spesifikasjon av skattekostnaden*

| | Mor | | Konsern | |
|---|---|---|---|---|
| *Beløp i 1000 kr* | **2021** | **2020** | **2021** | **2020** |
| | | | | |
| **Skatt på alminneleg inntekt/naturresursskatt** | | | | |
| Årets betalbare skatt på alminneleg inntekt/naturresursskatt | 2 838 | 1 287 | 30 951 | 10 351 |
| For lite/for mykje (-) avsett skatt tidlegare år | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Skatteeffekt mottatt konsernbidrag | -3 300 | -3 300 | 0 | 0 |
| Skatteeffekt avgjeve konsernbidrag | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Nytta underskot tidlegare år | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Total endring utsett skattefordel alminneleg inntekt | 0 | 0 | -4 759 | -2 465 |
| Endring utsett skatt mot EK | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Effekt endring skatteprosent utsett skatt | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | | | | |
| **Perioden sin ordinære skattekostnad på alm. inntekt/naturresursskatt** | **-462** | **-2 013** | **26 192** | **7 646** |
| | | | | |
| **Grunnrenteskatt** | | | | |
| Årets betalbare skatt på grunnrenteinntekt | 0 | 0 | 41 815 | 6 599 |
| For lite/for mykje (-) avsett skattekostnad tidlegare år | 0 | 0 | -14 | -418 |
| Total endring utsett skattefordel grunnrenteinntekt | 0 | 0 | 27 441 | -4 061 |
| Effekt endring skatteprosent utsett skatt | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Perioden sin skattekostnad på grunnrenteinntekt** | **0** | **0** | **69 242** | **2 121** |
| | | | | |
| **Perioden sin totale ordinære skattekostnad** | **-462** | **-2 013** | **95 433** | **9 767** |

### *7d) Spesifikasjon av betalbar skatt i balansen*

| | Mor | | Konsern | |
|---|---|---|---|---|
| *Beløp i 1000 kr* | **2021** | **2020** | **2021** | **2020** |
| Betalbar skatt på alm.inntekt/naturressursskatt | 2 838 | 1 287 | 30 951 | 10 351 |
| Betalbar grunnrenteskatt | 0 | 0 | 41 814 | 6 599 |
| **Skuldig betalbar skatt i balansen** | **2 838** | **1 287** | **72 765** | **16 951** |

## 8. *Varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar*

Konsern

### Varige driftsmiddel

| *Beløp i 1000 kr* | Kraft-stasjonar | Inventar,utstyr materiell | Bygningar | Anlegg i arbeid | Sum varige driftsmiddel |
|---|---|---|---|---|---|
| **Ansk.kost 01.01.21** | 653 682 | 14 350 | 3 835 | 14 911 | 686 778 |
| **Tilgang kjøpte driftmiddel** | 78 429 | 0 | 0 | 81 173 | 159 602 |
| **Herav balanseførte lånekostnader** | 1 279 | 0 | 0 | 0 | 1 279 |
| **Avgang 2021** | 0 | 0 | 0 | 78 429 | 78 429 |
| **Akk.avskriving 31.12.21** | 280 978 | 11 532 | 608 | 0 | 293 148 |
| **Balanseført verdi 31.12.21** | 451 133 | 2 788 | 3 227 | 17 654 | 474 800 |
| **Årets ord.avskr.** | 25 433 | 618 | 146 | 0 | 26 197 |
| **Antatt øk.levetid** | 50 | 11 | 50 | | |

Alle varige driftsmidlar har lineær avskrivingsplan.

### Immaterielle eigedelar

| *Beløp i 1000 kr* | Fallrettar | Andre rettar | Sum immaterielle eigedelar |
|---|---|---|---|
| **Ansk.kost 01.01.21** | 1 718 342 | 134 353 | 1 852 695 |
| **Tilgang** | 0 | 0 | 0 |
| **Avgang** | 0 | 0 | 0 |
| **Akkumulert avskr 31.12.21** | 2 488 | 41 104 | 43 592 |
| **Balanseført verdi 31.12.21** | 1 715 854 | 93 249 | 1 809 103 |
| **Årets ordinære avskrivingar** | 0 | 0 | 0 |

## 9. Mellomverande mellom selskap i same konsern og transaksjonar mellom nærstående partar

**Mor**

| *Beløp i 1000 kr* | **Kundekrav** | | **Andre kortsiktige krav** | | **Langsiktig fordring** | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | **2021** | **2020** | **2021** | **2020** | **2021** | **2020** |
| Foretak i same konsern | 0 | 0 | 39 942 | 79 870 | 550 000 | 550 000 |

| *Beløp i 1000 kr* | **Leverandør-gjeld** | | **Anna kortsiktig gjeld** | | **Langsiktig gjeld** | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | **2021** | **2020** | **2021** | **2020** | **2021** | **2020** |
| Foretak i same konsern | 25 | 17 | 5 514 | 6 981 | 391 068 | 223 068 |

**Mor**

| *Beløp i 1000 kr* | **2021** | **2020** |
|---|---|---|
| Kjøp tenester frå SFE konsernet | 101 | 122 |
| Rentekostnad til Sogn og Fjordane Energi | 5 580 | 14 255 |
| Rentekostnad til SFE Produksjon | 3 193 | 0 |
| Renteinntekt frå Svelgen Kraft | 12 932 | 16 166 |

Svelgen Kraft Holding eig 100% av aksjane i Svelgen Kraft. SFE Produksjon eig 56% av aksjane i Svelgen Kraft Holding, og Sogn og Fjordane Energi AS eig 100% av aksjane i SFE Produksjon. Prisinga av kraft er gjort til marknadsverdi. Prisinga av tenester er basert på forretningsmessige vilkår og prinsippet om armlengdes avstand.

## 10. Bank

| | **Mor** | | **Konsern** | |
|---|---|---|---|---|
| *Beløp i 1000 kr* | **31.12.21** | **31.12.20** | **31.12.21** | **31.12.20** |
| Bankkonto | 86 404 | 37 475 | 86 404 | 37 475 |
| **Sum** | **86 404** | **37 475** | **86 404** | **37 475** |

## 11. Eigenkapital

**Mor**

| *Beløp i 1000 kr* | Aksjekapital | Overkurs | Anna EK | Sum EK |
|---|---|---|---|---|
| **EK 01.01.2021** | **179 166** | **1 389 131** | **240 782** | **1 809 079** |
| Årets resultat | 0 | 0 | 20 920 | 20 920 |
| Tilleggsutbytte | 0 | -300 000 | 0 | -300 000 |
| **EK 31.12.2021** | **179 166** | **1 089 131** | **261 702** | **1 530 000** |

**Konsern**

| *Beløp i 1000 kr* | Aksjekapital | Overkurs | Konsern fond | Sum EK |
|---|---|---|---|---|
| **EK 01.01.2021** | **179 166** | **1 389 131** | **261 702** | **1 809 079** |
| Årets resultat | 0 | 0 | 20 920 | 20 920 |
| Tilleggsutbytte | 0 | -300 000 | 0 | -300 000 |
| **EK 31.12.2021** | **179 166** | **1 089 131** | **261 702** | **1 530 000** |

## 12. Aksjar, aksjeeigarar

| Aksjonærar | Antal A-aksjar | Antal B-aksjar | Totalt | Pålydande | Eigar og stemmeandel |
|---|---|---|---|---|---|
| SFE Produksjon AS | 668 887 | 334 444 | 1 003 331 | 100 | 56 % |
| Tafjord Kraftproduksjon AS | 406 111 | 203 055 | 609 166 | 100 | 34 % |
| Sognekraft AS | 119 445 | 59 721 | 179 166 | 100 | 10 % |
| **Totalt** | **1 194 443** | **597 220** | **1 791 663** | | **100 %** |

A-aksjane kan berre eigast av aktørar som kan definerast som offentlege etter industrikonsesjonslova. Forøvrig er det ingen skilnader mellom A- og B-aksjane.

## 13. Datterselskap

Investeringane er rekneskapsført i selskapsrekneskapen etter eigenkapitalmetoden.

Selskapet har følgjande eigarandelar i datterselskap:

| *Beløp i 1000 kr* | **Svelgen Kraft AS** |
|---|---|
| **Forretningskontor** | **Svelgen** |
| **Eigar/stemmeandel** | **100%** |
| **Balanse 01.01.2021** | **1 553 842** |
| Årets kjøp/sal | 0 |
| Overføring til/frå selskapet (kapital, utbytte) | 0 |
| Konsernbidrag | -11 700 |
| Årets resultat | 22 558 |
| **Balanse 31.12.2020** | **1 564 701** |

## 14. Langsiktig gjeld

Svelgen Kraft Holding hadde pr. 31.12.2021 gjeld på kr 698 337 000 til aksjonærane. Den eine låneavtala på kr 398 337 000 blei endra i 2018 slik at heile lånet forfell til betaling når låneavtala utløper i 2030. Det vart i tillegg etablert ei ny låneavtale med aksjonærane i 2021 på kr 300 000 000 som forfell til betaling når låneavtala utløper i 2041. Låna er ikkje pantesikra.

## 15. Konsesjonar

Selskapet tilfredstiller krava i vannfallsrettighetslova av 14.desember 1917 nr 16§ 5 om offentleg eigarskap. Selskapet har difor konsesjon til å erverve eigedomsrett til vannfall. Konsesjonane er tidsubegrensa, men med adgang til vilkårsrevisjon. Den tidlegare heimfallsordninga vart erstatta med den gjeldande konsolideringsmodellen ved Regjeringa si provisoriske anordning av 10.august 2007, som seinare vart bekrefta ved Stortinget si lovendring, kunngjort 26.september 2008.

## *16. Finansiell marknadsrisiko*

Som kraftprodusent er Svelgen Kraft AS utsett for store svingingar i marknadsprisane på kraft. For å handsame og redusere denne risikoen har styret vedteke ein marknadsstrategi som tilseier at ein del av krafta skal vere seld for dei første åra. På denne måten vert Svelgen Kraft AS sitt årsresultat mindre utsett for svingingane i kraftprisane enn det som elles ville vore tilfelle. Det er etablert rutinar som sørgjer for at dei fastsette posisjonane vert overhaldne. Produkt Svelgen Kraft AS handlar for å redusere risikoen er futures og forwards på NASDAQ OMX Commodities og forwards i den bilaterale marknaden med Skandinaviska Enskilda Banken AB.

All fysisk kraftproduksjon som ikkje er bunden opp i fysiske kraftkontrakter og konsesjonskraftforpliktingar vert seldt til majoritetseigar SFE Produksjon AS. SFE Produksjon AS betaler spotpris for produksjonen slik den er time for time.

Utover dette har selskapet inngått finansielle salskontrakter som er underlagt sikring. Desse kontraktane er i hovudsak sikra opp mot Systempris, men eit mindre volum er prissikra mot NO3-pris. Systemprisen har for tida dårleg korrelasjon mot prisområde NO3, der Svelgen Kraft leverer sin produksjon.

| | **2022** | **2023** |
|---|---:|---:|
| Forwards volum i GWh | 37 | 0 |
| Futures volum i GWh | 9 | 0 |
| Marknadsverdi i tusen kr | -14 010 | 0 |

Pga manglande sikringseffektivitet mellom NO3-pris og systempris er heile den negative marknadsverdien på Systempriskontrakter på 14,7 mill kr kostnadsført i resultatrekneskapen 2021 som sikringsineffektivitet.

Statsautoriserte revisorer
Ernst & Young AS

Dronning Eufemias gate 6a, 0191 Oslo
Postboks 1156 Sentrum, 0107 Oslo

Foretaksregisteret: NO 976 389 387 MVA
Tlf: +47 24 00 24 00

www.ey.no
Medlemmer av Den norske Revisorforening

**UAVHENGIG REVISORS BERETNING**

Til generalforsamlingen i Svelgen Kraft Holding AS

## Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet for Svelgen Kraft Holding AS som består av selskapsregnskapet og konsernregnskapet. Selskapsregnskapet og konsernregnskapet består av balanse per 31. desember 2021, resultatregnskap og kontantstrømoppstilling for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav og gir et rettvisende bilde av selskapets og konsernets finansielle stilling per 31. desember 2021 og av deres resultater og kontantstrømmer for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

## Grunnlag for konklusjon

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet i samsvar med kravene i relevante lover og forskrifter i Norge og *International Code of Ethics for Professional Accountants* (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

## Øvrig informasjon

Øvrig informasjon omfatter informasjon i selskapets årsrapport bortsett fra årsregnskapet og den tilhørende revisjonsberetningen. Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for den øvrige informasjonen. Vår konklusjon om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke den øvrige informasjonen, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese den øvrige informasjonen med det formål å vurdere om årsberetningen inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav og hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen og årsregnskapet eller kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon eller ikke inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav, er vi pålagt å rapportere det.

Vi har ingenting å rapportere i så henseende, og vi mener at årsberetningen er konsistent med årsregnskapet og inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav.

## Ledelsens ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettvisende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets og konsernets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal

Penneo Dokumentnøkkel: NKZEI-L1SN1-P46AP-AGMFQ-8KOIE-AFFO3

A member firm of Ernst & Young Global Limited

EY
Building a better working world

legges til grunn for årsregnskapet med mindre ledelsen enten har til hensikt å avvikle selskapet, konsernet eller virksomheten, eller ikke har noe annet realistisk alternativ.

### Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan skyldes misligheter eller feil og er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og vurderer vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontrollen som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets og konsernets interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- konkluderer vi på om ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen er hensiktsmessig, og, basert på innhentede revisjonsbevis, hvorvidt det foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape betydelig tvil om selskapets og konsernets evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i årsregnskapet, eller, dersom slike tilleggsopplysninger ikke er tilstrekkelige, at vi modifiserer vår konklusjon om årsregnskapet og årsberetningen. Våre konklusjoner er basert på revisjonsbevis innhentet frem til datoen for revisjonsberetningen. Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at selskapet og konsernet ikke kan fortsette driften.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettvisende bilde.
- innhenter vi tilstrekkelig og hensiktsmessig revisjonsbevis vedrørende den finansielle informasjonen til enhetene eller forretningsområdene i konsernet for å kunne gi uttrykk for en mening om konsernregnskapet. Vi er ansvarlige for å fastsette strategien for, samt å følge opp og gjennomføre konsernrevisjonen, og vi har et udelt ansvar for konklusjonen på revisjonen av konsernregnskapet.

Vi kommuniserer med styret blant annet om det planlagte omfanget av og tidspunktet for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlige funn i revisjonen, herunder vesentlige svakheter i den interne kontrollen som vi avdekker gjennom revisjonen.

Oslo, 05. mai 2022
ERNST & YOUNG AS

*Revisjonsberetningen er signert elektronisk*

Finn Espen Sellæg
statsautorisert revisor

Penneo Dokumentnøkkel: NKZEI-L1SN1-P46AP-AGMFQ-8KOIE-AFFO3



A member firm of Ernst & Young Global Limited

PENN3O

*Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.*

*"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."*

**Finn Espen Sellæg**
**Statsautorisert revisor**
På vegne av: Ernst & Young AS
*Serienummer: 9578-5997-4-389551*
*IP: 77.18.xxx.xxx*
*2022-05-05 08:22:36 UTC*

bank ID

*Penneo Dokumentnøkkel: NKZEI-L1SN1-P46AP-AGMFQ-8KOIE-AFFO3*

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

**Hvordan bekrefter at dette dokumentet er orginalen?**
Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - **https://penneo.com/validate**